

Siste nytt frå 1600-talet

# Klagebrev frå presten i 1667

Tekst: Oddmund L. Hoel

1660-åra var ei hard tid i Jostedalen som i Noreg elles. Avlingane slo feil, og gardbrukarane var pålagde høge skattar etter krigseventyret til dansk kongen 1657–1660, då Jemtland og Herjedalen gjekk tapt. Opptil ein av fire gardbrukarar i Jostedalen greidde ikkje å betale skatten sin nokre av åra. I Jostedalen ville krise for bøndene også seie krise for soknepresten. Alt tidleg på 1600-talet hadde lensherren i Bergen ordna det slik at presten i Jostedalen skulle få nokre tynner korn frå andre kyrkjer i Sogn sidan inntekta hans frå bøndene i Jostedalen og prestegarden var så små. Jostedalsprestane sleit gjerne med å få dette kornet utlevert, og verst var det når avlingane var dårlege.

Presten Tøger Jensen vart sokneprest i Jostedalen i 1652. Han fekk i 1653 stadfesting frå lensherren på at han skulle ha 4 1/2 tynner korn frå dei andre kyrkjene i Sogn slik forgjengarane hadde hatt i fleire tiår. Dette fekk han sett opp i to rundar, fyrst til 14 1/2 tynner i 1656 og så til 20 tynner i 1664. I 1664 klaga Jensen i to ulike brev over at avlingane hadde slege feil og at det var vanskeleg å få utlevert kornet frå dei andre kyrkjene, og i 1667 klaga han endå ein gong og gav ei endå meir dramatisk framstilling av tilhøva for seg sjølv og jostedølene.

Brevet er gamalt nytt frå 1600-talet – det nye er omsetjinga til moderne norsk av brevet frå Jensen 20. februar 1667 og den korte stadfestinga han fekk frå stiftamtman Georg Reichwein i Bergen 6. mars

same året. Det originale brevet finst ikkje, men ei avskrift frå ca 1670 er teke vare på. Avskrifta låg i Jostedal prestegard fram til den historieinteresserte biskop Jacob Neumann var på visitas i Jostedalen i 1823 og tok med seg ei handfull gamle dokument til Bergen. Der ligg dei no i samlinga til Universitetsbiblioteket. "Bülche" som det er referert til i brevet, er kyrkjekomissær Titus Bülche som auka korntilskotet til Jensen i 1664.

## BREV FRÅ TØGER JENSEN TIL GEORG REICHWEIN 20.2.1667

Høggunstige velbyrdige herr generalmajor, høgstæra herr landherre, Guds allermektigaste eksellense, måtte velstanden vare, velsigne for Kristi skuld, amen.

Eg, fattige fjellprest til den vesle Jostedal kyrkje som ligg i Indre Sogn i Bergenhus len, ser meg allerunderdanigst nøydd til å gje til kjenne for Dykkar eksellense dei elendige vilkåra mine i denne avdalen.

1. Misveksten på jorda og den overflødige snøen og frosten her oppe til fjells om vinteren forårsakar alltid stor hunger og armod, som gjer at dei er nøydde til å ete agner og bark av tree.
2. Vonde og slemme vegar til sjøen, som med besværlegheit kan farast.
3. Inga næring korkje av fiskeri eller anna kan oppsøkjast.
4. Prestens årlege visse inntekter av prestegjeldet er ikkje større enn ni tønner korn, og så mykje får ein sjeldan.
5. Residensen til presten er ein liten gard, og der blir det sådd fem eller seks tynner korn som oftast frys og blir øydelagd av vinteren. Anna

gods ligg det ikkje til presten eller prestegjeldet.

For at det fattige folket grunna armod og hungers naud ikkje skal miste sjelesørgjaren sin og sitje i mørkret på deira saligheits vegne, har dei gode herrar på Bergenhus ein etter ein av høg gunst og medynk over elendet til presten her på staden, på hans kongeleg Majestetts nådigaste behag unna presten til hans føde og opphald 20 tynner korn til prestens bruk av kyrkje-tianda i Sogn. Løyvingsbrevet er stadfesta av gode menns velbyrdige hender, og med brev frå velfornemme kommissær Bülche der Dykkar eksellense vil kunne erfare dette.

Ettersom nokre av kyrkjevevrene i Sogn i år vegrar seg mot å utlevere kornet til meg, ser eg meg nøydd til å be Dykkar eksellense på det mest audmjuke at De for Guds skuld, og for å fremje saligheita til denne ringe kyrkjelyden, gje kyrkjevevrene pålegg om å kome meg, fattige mann, til hjelp, slik at eg får det vesle kornet som eg av Gud og øvrigheita sin nåde er løyvd. Det er tidlegare avgjort at eg skal få nytte og få dette kornet for å unngå hunger og elende, og om det ikkje hender, veit eg ikkje noka råd til å få prestegarden tilsådd i år. Eg kan heller ikkje få tak i korn hjå godtfolk fordi eg har lite å betale med. Eg vonar difor visseleg på eit nådig og godt svar frå Dykkar eksellense til trøyst og vederkvegelse for meg fattige mann.

Det Gud den allmektige visseleg vil løne Dykkar eksellense med, bed eg dagleg om i bønene mine.




Skrive i Jostedal prestegard, 20.  
februar anno 1667  
Dykkar eksellense, allerunderda-  
nigste og pliktskuldigaste tenar  
Theocharus Joannis Breumius  
[Tøger Jensen Breum]

### RESOLUSJON

På kongeleg Majestets allernådi-  
gaste behag skal kyrkjevevrene i  
Sogn utlevere 20 tynner korn av  
kyrkjetienda til klagaren slik dei  
tidlegare har gjort, og slik skal det  
også vere framover.  
Bergen, 6. mars 1667  
Reichwein

#### Kjelder:

- Originalbrevet (avskrifta frå ca 1670) ligg i Diplomsamlinga til Universitetsbiblioteket i Bergen. Både foto av dokumentet og ei avskrift i original språkform ligg på [http://www.historielaget.jostedal.no/?page\\_id=693](http://www.historielaget.jostedal.no/?page_id=693). Foto: Universitetsbiblioteket i Bergen.
- Om Tøger Jensen, sjå [https://lokalhistoriewiki.no/T%C3%B8ger\\_Jensson](https://lokalhistoriewiki.no/T%C3%B8ger_Jensson).
- Sjå elles Kåre Øvregard, Asbjørg Ormberg, og Oddmund L. Hoel. (2010). Jostedal kyrkje. Fakta, segn og soge gjennom 350 år. Leikanger: Skald forlag, side 178–181.



Utsnitt av dei to sidene med brevet frå 1667 i avskrifta frå kring 1670. Avskrifta inneheld i alt seks brev frå 1636–1667 om økonomiske tilhøve kring prestekallet i Jostedalen.